

## **Innkomne uttalar frå melding om oppstart av frivillig vern av skog – utviding av Hesten naturreservat, Strand kommune**

Statsforvaltaren i Rogaland sendte 03. februar 2022 melding om oppstart av ver neprosess for frivillig vern av skog som ei utviding av Hesten naturreservat i Strand kommune.

Det kom i alt sju (7) merknader til meldinga om oppstart av frivillig vern. Her samanfattar me fråsegna og legg til vår vurdering.

**Statens vegvesen** har ingen merknader til oppstartsmeldinga.

Statsforvaltaren tek fråsegna til orientering.

**Forsvarsbygg** har ingen merknadar til oppstartsmelding om vern på Hesten.

Statsforvaltaren tek fråsegna til orientering.

**Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard** har vurdert om området rører ved registrerte mineralressursar. DMF har ingen merknadar om mineralressursar i verneforslaget.

Statsforvaltaren tek fråsegna til orientering.

**Landbruksdirektoratet** ber Statsforvaltaren syte for at naudsnyt omsyn til landbruksføremål vert teken i arbeidet med vernet gjennom forskrifa.

Statsforvaltaren peikar på at føresetnadane landbruksdirektoratet peikar til er møtt gjennom ordninga frivillig vern som landbrukssektoren er ein del av. Det er ein føresetnad at me handsamar kvar ein ver neprosess med lokal tilpassing og tek tilstrekkeleg omsyn til vidareføring av eksisterande landbruksverksemder som ikkje går på tvers av føremålet med vernet.

**Norges vassdrags- og energidirektorat** har ingen merknader til oppstartsmeldinga. NVE viser til at områdekonsern Lyse Elnett AS har byt namn til Lnett AS.

Statsforvaltaren tek fråsegna til orientering, og vil justere adresselista for høyringa.

**Lnett AS** har ingen merknadar til utvidinga av Hesten naturreservat.

Statsforvaltaren tek fråsegna til orientering.

**Statnett SF** har ingen merknadar til utvidinga av Hesten naturreservat.

Statsforvaltaren tek fråsegna til orientering.